

Årsmelding 2019

frå Fotogruppa i Vossestrand Sogelag.

Det har ikkje vore særleg stor aktivitet i fotogruppa i Sogelaget siste året. Nokre nye bilete er lagt inn, arbeidet er stort sett gjort av Oddvar Drevsjø. Me registrerer at det vert lagt ut mange gamle bilete på ulike Facebook-sider. Det hadde vore ynskjeleg om desse også vart sendt til Sogelaget, slik at me kunne lagt dei ut på vår heimeside. Då hadde det vore mogeleg å finna dei ingen seinare, under dei ulike grendene og gardane.

I september 2019 deltok Trygve Dugstad og Odd Henry Hommedal på eit felles møte med Vassvøri Sogelag, Voss Sogelag og Voss Folkemuseum der det vart drøfta om det kunne opprettast eit felles fotoarkiv for alle sogelaga i Voss Herad.

Ulike dataløysingar vart gjennomgått på møtet. For å koima vidare i arbeidet er det behov for økonomisk støtte og det er søkt om midlar hjå Voss Sparebank.

Vossestrand Sogelag er det laget på Voss som har den mest velfungerande og største samlinga av foto på nettet.

Om styret i Vossestrand Sogelag vil velja å delta i eit felles fotoarkiv, må takast stilling til når det føreligg eit framlegg til løysing.

Fotogruppa vil oppmoda alle strendingar å rota igjennom skuffer og skap for å finna gamle bilete og ta kontakt med sogelaget, som syter for scanning og publisering.

Voss, 10. mars 2020.

Odd Henry Hommedal